

Vedlegg til søknad om bakkeplanering på gnr. 156, bnr. 4, 12, 17 og 82 i Austrheim kommune.

Tiltaksområdet ligg der det frå gammalt av har vore slåttemark og mjølkeplassar/gardflor. I dag er det del av eit større samanhengande innmarksbeite for storfe. Mykje av arealet er framleis i aktiv drift, men delar av det er tilgrodd med eimer og gran – for det meste sitkagran. Planen er å planere nokre område på gnr. 156, bnr. bnr. 17 og dels bnr. 82. Området ligg nord for bustadfeltet Slettebakken. Avkøyrsele til feltet skjer frå kommunal veg (Blomhaugane) rett aust for Slettebakken. Det skal òg gjerast små endringar på eksisterande veg – sjå mellom anna fig. 2. Massen som skal køyrast til kjem frå Storemyra næringsområde på Mongstad og Leirvågen der eg disponerer og set i stand areal til industriføremål. Overskotsmasse herifrå vil verte plassert i tiltaksområdet vi no snakkar om. Myrmassar vert lagt i botnen der leirmassar vert lagt oppå. Dette vil redusere klimagassutslepp.

Området skal planerast slik som synt i fig. 1-7 nedanfor/komande sider. Tiltak dei einskilde stadane er forklart i teksten til dei ulike bileta.




Fig. 1. Oversyn over tiltaksområdet. Nummera refererer til og syner plassering til bileta som kjem seinare i teksten.



Fig. 2. Bakken lengst borte skal jamnast (planerast) ut om lag ned mot der den stripla lina markerer at bakkenivået vert nådd. Sjå òg fig. 4. I tillegg må vegen i framkant utvidast i innersvingen. Dette då den i dag er for krapp slik at det ber utfordrande å kome forbi med større bilar. Elva som vegen kryssar her, må leggjast i røyr om lag 3 meter utover dagens situasjon dvs frå vegen og om lag til den stripla lina. Vegen må òg hevast om lag 1-1,5 m i denne svingen. Utover dette skal elva framleis liggje open som i dag, men den må reinskast når det er naudsynt. I dette området ligg det ein kommunal vassleidning som det lyt takast omsyn til.




Fig. 3. Nedstraums elvekryssinga skal bekken framleis liggje open som i dag, men den må kunne reinskast når det er naudsynt. Det gjeld òg for den kommunale eigeodomen på andre sida av gjerdet. I Høgre biletkant vil planeringa/fyllinga synt i fig. 4 kome ned mot elva og skal avsluttast ikkje nærare enn 6 m frå elva.

Fra: Svein Arne Vågane svein.arne.vagane@alver.kommune.no 
Emne: Bakkeplanering på gnr. 156.
Dato: 6. februar 2023 kl. 13:02
Til: odd.haugen.maskinstasjon@gmail.com
Kopi: Asbjørn Nagell Toft asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no Laila Bjørge laila.bjorge@alver.kommune.no



Hei.

Vedlagt eit skriv som du må signere og som du kan nytte som vedlegg til søknad om bakkeplanering.

Vi minner om fylgjande:

- Du må ha skriftleg samtykke frå nabo for tiltak som skal gjennomførast på all grunn du ikkje eig.
- Du må syte for godkjent avkøyrsløyve til offentleg veg.
- Du nemnde noko om returlass frå planeringsområdet til der du hentar massar. Dette må du skildre i høve kva type masse, storleik dvs om lag kor mange kubikkmeter du trur det vil verte og kor massen skal deponerast. Bruk gjerne kart.
- Det er fint om du gjev opp gnr. og bnr. og eigarar på alle eigedomar der det skal gjennomførast tiltak.

Søknaden om bakkeplanering med vedlegg kan du sende til Austrheim kommune som sender den vidare til oss for handsaming.

Mvh

Alver kommune, landbruk v/Svein Arne Vågane
Tlf 94507348



Vedlegg til
soknad...nr.docx